

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015

Vedtak

Årstad vgs, A-bygget: Bygget er allereie i prosess og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein førespurnad til eigedomsseksjonen for å etterlyse teikningar og planar slik at rådet kan kome med ein uttale.

Tilskotsordningar hos kulturavdelinga: Rådet fekk ein skriftleg orientering frå kultur-avdelinga angående tilskotsordningar. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be om ein munnleg orientering på neste møte der det vert mogleg å stille spørsmål. Rådet etterlyser særleg informasjon om kva som vert gjort for å følgje opp at kriteria vert heldt, men har og andre synspunkt.